



Sveinung Rogstad
Orrhøyen 17
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18564 - 21/2022

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.
no

Dato:
12.01.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 309/106 Hjertås


Tiltak: tilbygg og dele carport
Byggjestad: Gbnr: 309/106
Tiltakshavar: Sveinung Rogstad
Ansvarleg søkjar: Sveinung Rogstad

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 27.11.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsskartet er ikkje målsatt med ytre mål på tilbygget. Kommunen registrerar at sjølve teikningane er målsatt, men det er naudsynt å målsette sjølve situasjonsskartet som syner omfanget av tilbygget. Situasjonsskartet kan med fordel vera frå Alver kommune (sjå vedlegg).
- 2.



Figur 1 Utsnitt frå situasjonsskart

3. Det er ikkje sammanheng mellom opplysningar gjeve i søknaden om omfanget av areal og det som kjem fram på teikningane. I teikningane er det oppgitt at nytt bygg er 12,2 m², mens i søknaden er det opplyst at BYA nytt er 7 m² mens BRA er 14 m². Gjeldande kommunedelplan for Meland har ein tillatt utnyttingsgrad på 30 % BYA og BRA maks 400 m² som inkluderer bustad, garasje og uthus.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan **26.02.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart

Mottakarar:

Sveinung Rogstad
Sveinung Rogstad

Orrhøyen 17
Orrhøyen 17

5918 FREKHAUG
5918 FREKHAUG